

AVTALE OM GJENNOMFØRING AV  
UNGDATA-UNDERSØKINGA I Masfjorden 2024

MELLOM

Masfjorden kommune (heretter kalla **Oppdragsgjevar**),  
OsloMet – storbyuniversitetet ved NOVA (heretter kalla **NOVA**)  
og  
KORUS Bergen (heretter kalla **KORUS**)

På oppdrag frå Masfjorden kommune skal NOVA, i samarbeid med KORUS, gjennomføre undersøkinga Ungdata i kommunen. Denne avtalen regulerer ansvaret og pliktene til Oppdragsgjevaren, NOVA og KORUS.

### 1. Formålet med undersøkinga

Hovudformålet med Ungdata-undersøkinga i Masfjorden 2024 er å gje eit kunnskapsgrunnlag for det kommunale plan- og utviklingsarbeidet knytt til folkehelse og førebyggjande arbeid overfor barn og ungdom. Det er også eit mål å få data om ungdom som grunnlag for nasjonale og lokale samanlikningar over tid. Data frå undersøkinga vil også kunne verte brukte i forskings- og utviklingsprosjekt der målet er å få ny kunnskap om oppvekstvilkåra til ungdom.

Data frå undersøkinga vil verte lagde inn i ein nasjonal database – Ungdatabasen. Databasen inneheld data frå alle gjennomførte Ungdata-undersøkingar. Målet med databasen er å kunne få kunnskap om regionale variasjonar og nasjonale trendar når det gjeld livsstilen, levekåra og helsa til ungdom.

### 2. Ungdata

Ungdata er eit kvalitetssikra og standardisert system for lokale spørjeskjemaundersøkingar, som vert tilbydd alle kommunar og fylkeskommunar i Noreg. Undersøkingane er tilpassa skuleelevar på barnetrinnet (5.-7.trinn), ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring (elevar til og med 19 år). Spørjeskjemaet er samansett av ein obligatorisk grunnmodul, som vert brukt i alle undersøkingar, og eit sett med valfrie, førehandsdefinerte spørsmål som oppdragsgjevaren kan velje frå. Oppdragsgjevaren kan også supplere med eigenkomponerte spørsmål. NOVA vil kvalitetssikre spørsmåla og vil avvise spørsmål som av forskningsetiske grunnar eller personvernomsyn ikkje er eigna for undersøkinga. Undersøkingane går føre seg i skuletida og vert gjennomførte elektronisk.

Ungdata er eit samarbeid mellom NOVA og dei regionale kompetansesentera på rusfeltet (KORUS). Helsedirektoratet finansierer Ungdata gjennom eit årleg tilskot via statsbudsjettet. Dette tilskotet dekkjer gratistilbodet til kommunar og fylkeskommunar og sekretariatet ved Ungdatasenteret på NOVA.

### 3. Rollene og pliktene til partane

#### 3.1 Rolla og pliktene til NOVA

**NOVA** er ansvarleg instans for undersøkinga og har det overordna ansvaret for å sikre at datainnsamlinga går føre seg i tråd med lover, reglar og etiske retningsliner. NOVA har ansvaret for at dataa vert oppbevarte slik at integriteten og konfidensialiteten til respondentane er ivaretekne.

**NOVA** vil levere eit opplegg for elektronisk gjennomføring der elevane kan logge seg inn på ei nettside med eit tilfeldig generert eingongskode. Kommunen kan velje kva for tilleggsspørsmål som skal vere med i undersøkinga.

**NOVA** har ansvaret for å opprette brukarprofilar for kontaktpersonane ved KORUS i Ungdataportalen og for å tilby opplæring av brukarane frå KORUS, kommunen og fylkeskommunen i portalen.

**NOVA** skal godkjenne og kvalitetssikre den endelege versjonen av spørjeskjemaet. NOVA vil òg vurdere om undersøkinga er utforma på ein slik måte at prosjektet må godkjennast av personvernombodet ved OsloMet i samråd med Sikt – Kunnskapssektorens tjenesteleverandør (tidlegare Norsk senter for forskningsdata (NSD)).

**NOVA** skal lage informasjonsmaterieil til skulen og elever/føresette i forbindelse med undersøkinga. Kontaktpersonane på skulane får materiellet via Ungdataportalen.

**NOVA** har ansvar for å utarbeide eit nettskjema (stadfestingsskjemaet) der skulene skal stadfeste at dei gjennomfører undersøkingane etter dei prosedyrane og rammene som er satt for undersøkinga. Kontaktpersonane på skulane får skjemaet via Ungdataportalen. Skulane sine kontaktpersonar får først eingongskodane til elevane etter at dei har fylt ut dette skjemaet.

**NOVA** har ansvaret for å utarbeide ei datafil ein kan analysere. Datafila vil verte lagt inn i den nasjonale Ungdatabasen.

**NOVA** har ansvar for å utarbeide eit sett standardiserte rapportar som viser hovudresultata frå undersøkinga etter at datainnsamlinga er ferdig. Desse rapportane vil som regel vise a) svarfordeling, b) fordeling etter kjønn, c) fordeling etter klassetrinn, d) nøkkeltal samanlikna med nasjonale tal, og e) utvikling over tid (for kommunar som har gjennomført Ungdata meir enn éin gong). Kva for rapportar NOVA lagar, kjem an på kor mange elevar som deltek i undersøkinga.

**NOVA** har ansvaret for å gjere rapportane tilgjengelege for kommunen. Vanlegvis blir rapportane tilgjengelege innan 30 vrykedagar etter at undersøkinga er klargjord og avslutta av NOVA. For fylkesundersøkingar (undersøkingar der dei fleste kommunane i eit fylke gjennomfører undersøkingar i det same året) må alle undersøkingar vere avslutta før det blir laga rapportar. Svarfordelingsrapporten og rapportar fordelte etter kjønn og klassetrinn, kan lastast ned frå Ungdataportalen. Nøkkeltalsrapporten og rapporten som viser utvikling over tid, blir leverte enten av NOVA eller av KORUS.

#### 3.2 Rolla og pliktene til KORUS

**KORUS** vil rettleie Oppdragsgjevar om korleis ein skal gjennomføre undersøkinga, og om dei retningslinjene som gjeld for gjennomføringa for å sikre at ein tek omsyn til personvern og forskningsetiske omsyn.

**KORUS** vil rettleie Oppdragsgjevar i val av spørsmål og utforming av spørjeskjemaet.

**KORUS** har ansvaret for å opprette ein brukar for Oppdragsgjeveren i Ungdataportalen.

**KORUS** har ansvar for å informere NOVA om når datainnsamlinga skal avsluttast. Dette blir gjort via Ungdataportalen.

**KORUS** har ansvaret for å informere Oppdragsgjeverar om kvar dei lastar ned standardrapportane frå teknisk leverandør (svarfordeling, fordeling etter kjønn og fordeling etter klassetrinn).

**KORUS** har ansvaret for at Oppdragsgjeverar får tilsendt standardrapportane som NOVA har utarbeidd (nøkkeltal samanlikna med nasjonale tal og utvikling over tid).

**KORUS** kan, etter nærmare avtale med Oppdragsgjeverar, delta i den lokale drøftinga av funna i undersøkinga.

**KORUS** kan samarbeide med nasjonale og regionale kompetansesenter som jobbar med psykisk helse, rus og vald (RVTS, RKBUP/RBUP, NAPHA, NKVTS, SANKS) om å følgje opp resultat frå Ungdata. Desse samarbeidspartnarane kan få innsyn i kommunale resultat før resultatane blir offentleggjorde.

### 3.3 Rolla og pliktene til Oppdragsgjeverar

**Oppdragsgjeverar** skal forankre Ungdata-undersøkinga hos kommunedirektør eller på eit tilstrekkeleg høgt leiarnivå.

**Oppdragsgjeverar** skal opprette ein koordinator, som lokalt skal leie planlegginga og gjennomføringa av undersøkinga. Koordinatoren er bindeleddet mellom NOVA/KORUS og skulane.

**Oppdragsgjeverar** skal velje kva slags spørsmål og tema det er ønskeleg å ha med (utover ein obligatorisk grunnmodul som er med i alle Ungdata-undersøkingane). NOVA held på retten til å endre desse vala i tråd med punkt 3.1.

**Oppdragsgjeverar** skal utarbeide ei oversikt over elevtal som vil bli invitert til å bli med i undersøkinga på dei aktuelle skulane, i eit skjema (Innmeldingsskjema), og returnere det ferdig utfylte skjemaet til KORUS.

**Oppdragsgjeverar** er ansvarleg for å administrere sjølve datainnsamlinga på ein måte som sikrar at undersøkinga vert gjennomført etter dei retningslinene NOVA/KORUS har trekt opp, og at svarprosenten vert høgast mogleg.

**Oppdragsgjeverar** er ansvarleg for at Ungdata-koordinatoren kontrollerer og ev. rettar registrerte opplysningar om undersøkinga i Ungdataportalen (så som kontaktinformasjon for kommunen og skulen, elevtal, spørsmål, tidspunkt for gjennomføringa).

**Oppdragsgjeverar** skal følgje opp at skulane har fått alt nødvendig undersøkingsmateriell, inkludert eingongskodar. Dette kan Ungdata-koordinatoren gjere via Ungdataportalen. Der kan koordinatoren òg følgje med undervegs på kor mange som har svart på skulen/skulane.

**Oppdragsgjeverar** skal informere skuleleiarar i god tid før datainnsamlinga byrjar, og sørge for at undersøkinga kan gå føre seg i skuletida. Oppdragsgjeveren skal sørge for at naudsynte ressursar er tilgjengelege i skulane (klasserom, datamaskiner/nettbrett og vaksne personar som kan administrere undersøkinga i klasserommet).

**Oppdragsgjeverar** skal sørge for at det vert oppretta ein kontaktperson på kvar skule, som får ansvaret for den lokale gjennomføringa på sin skule.

**Oppdragsgjevar** skal sørge for at alle føresette er informerte om undersøkinga. Hen må sende informasjonsbrev til heimane minst to veker før datainnsamlinga. Dette kan han gjere via vanleg brevpost eller gjennom dei kanalane skulane normalt bruker for å nå ut med viktig informasjon, til dømes via elektronisk post. Ranselpost er ikkje tilstrekkeleg. Dersom Oppdragsgjevaren vil nytte andre kanalar for å informere føresette, må det avtalast særskilt med NOVA. Dette gjer ein via KORUS.

**Oppdragsgjevar** skal sørge for å administrere ei ordning kor føresette til barn under 18 år har moglegheit til å reservere seg mot at deira barn deltek i undersøkinga.

**Oppdragsgjevar** har ansvaret for at alle elevane som deltek i undersøkinga, er blitt tilstrekkeleg informerte om at deltaking er frivillig og kva som er formålet med undersøkinga. I tillegg skal alle deltakarane bli informerte om at dei kan hoppe over spørsmål dersom dei ønskjer det, og at det ikkje vil få konsekvensar dersom dei ikkje vil vere med eller ikkje ønskjer å fullføre undersøkinga. Dette blir gjort rett før undersøkinga blir gjennomført ved at ein administrator les opp ein informasjonstekst som NOVA/KORUS har laga, eller viser ein informasjonsfilm for alle i klasserommet.

**Oppdragsgjevar** har plikt til å informere helsesykepleiar og/eller andre relevante hjelpetenester i kommunen om undersøkinga før ho vert gjennomført. Ein må etablere ein beredskap for elevar som ønskjer å ta kontakt med hjelpeapparatet i samband med deltaking i undersøkinga.

**Oppdragsgjevaren** er ansvarleg for å informere KORUS så snart kommunen er ferdig med å gjennomføre undersøkinga. Dette blir gjort via Ungdataportalen.

#### 4. Tidsrammer

Prosjektet byrjar:	15.10.2023
Anteke starttidspunkt for datainnsamling:	veke 4
Sluttdato for prosjektet er:	15.10.2024

#### 5. Kontaktpersonar

Kontaktperson for undersøkinga hjå Oppdragsgjevar er: Rita Ludvigsen (45 37 63 15).

Kontaktperson hjå KORUS er: Kristian Hartveit (99 22 58 88).

Kontaktperson hjå NOVA er: Aud Christina H. Bjerén (95 72 18 50).

Skifte av kontaktperson skal berre skje etter avtale mellom partane.

#### 6. Bruksrett til og utlevering av data

**NOVA** eiger dei opplysningane som vert samla inn, og har ansvaret for å forvalte opplysningane i tråd med formålet med undersøkinga og etter dei retningslinene som eventuelt er trekte opp av personvernmyndighetene. NOVA har bruksrett til alle opplysningane som vert samla inn. Data frå undersøkinga vil saman med data frå andre Ungdata-undersøkingar verte lagde inn i ein nasjonal database.

**KORUS** har bruksrett til Ungdatabasen.

**Oppdragsgjevaren** står fritt til å samarbeide med eksterne instansar om analyse av data og utforming av rapportar. Oppdragsgjevaren og andre instansar kan få tilgang til data frå Ungdatabasen etter søknad til NOVA. NOVA vil i slike tilfelle inngå ei utleveringsavtale med søkaren, der det går fram kva slags data som skal verte utleverte, kven som skal bruke dataa, korleis dataa skal verte oppbevarte, og kva som er

formålet med bruken av dataa. NOVA kan fjerne eller grovkategorisere variablar før utlevering av data dersom dette er naudsynt for å sikre at anonymiteten til respondentane vert ivareteken. Det er utforma eit søknadsskjema for dette formålet, som ein kan få ved å kontakte NOVA eller KORUS.

Etter at datainnsamlinga er avslutta, vil **NOVA** og **KORUS** vurdere kvaliteten på dataa frå undersøkinga. Dersom det viser seg at svarprosenten er spesielt lav, eller at det er andre tilhøve som tilseier at analysar av datamaterialet ikkje vil vere fagleg forsvarleg, kan NOVA og KORUS avstå frå å rapportere frå undersøkinga.

## 7. Offentleggjing av resultat

**Oppdragsgjevar** står fritt til å avgjere når og korleis oppdragsgjevaren vil formidle resultatata frå undersøkinga. Rapportane NOVA leverer er omfatta av §3 i Offentleglova om rett til innsyn.

**NOVA** vil normalt offentliggjere ein rapport med nøkkeltal frå undersøkinga på nettsidene [www.ungdata.no](http://www.ungdata.no) tre månader etter at datainnsamlinga er avslutta, eventuelt på eit anna tidspunkt dersom dette er avtalt mellom partane.

**NOVA** og **KORUS** står fritt til å publisere resultat frå undersøkinga tre månader etter at datainnsamlinga er avslutta. NOVA og KORUS har full rett til å publisere eller på andre måtar offentliggjere resultat frå prosjektet i dei publikasjonane og media som NOVA og KORUS ønskjer. Alle resultat som blir publiserte og offentliggjorde skal vere anonymiserte. Det skal ikkje vere mogleg å kjenne att eller identifisere enkeltpersonar.

## 8. Økonomi og betalingsbetingelser

Ungdata har ei kostnadsfri standardløysing, som omfattar utforming av spørjeskjema ut frå ei førehandsdefinert liste med spørsmål, tilgang til den elektroniske undersøkinga, rettleiing rundt gjennomføring, kvalitetssikring og oppbevaring av data og standardrapportar med resultat frå undersøkinga.

Ved bruk av eventuelle eigenkomponerte spørsmål eller rapporter utover standardrapportene, avtales og fakturerast separat. Rapportar produserte av vår tekniske leverandør Rambøll vil vere prisa.

Denne typen rapportar er mogleg å bestille i Ungdataportalen og blir fakturerte av Rambøll. Prislista er tilgjengeleg i portalen og i Ungdata – Rettleiar for kommunar og fylkeskommunar.

## 9. Stans av prosjektet

Begge partane har rett til å stanse samarbeidet i tilfelle av misleghald frå ein av partane. Slik stans skal ein varsle skriftleg. Partane kan ikkje krevje erstatning for tap i samband med slik stans i prosjektet. Ved vesentleg misleghald vil kontrakten kunne verte oppsagd etter å ha vore stansa i 30 dagar. Den andre parten skal ha oppseiinga skriftleg.

## 10. Tvist

Ein tvist som gjeld forståinga av denne kontrakten, eller om tilhøve som elles vert grunnjevne i kontraktstilhøvet, skal ein prøve å løyse ved forhandlingar. Dersom partane ikkje vert samde, skal tvisten verte avgjort ved skilddom med heimel i reglane i tvistemålslova kap. 32.

Denne kontrakten er utferda i tre eksemplar. Etter signeringa beheld Oppdragsgjevar, KORUS og NOVA kvar sitt eksemplar.

Oppdragsgjevar	NOVA	KORUS Bergen
<u>Mannfredsen</u> , <u>30/10-23</u>	_____	_____
Sted Dato	Sted Dato	Sted Dato
<u>Svein Helge Hofslundsengen</u>	-----	-----
rådmann	forskingsleiar	senterleiar
Svein Helge Hofslundsengen	Mira Aaboen Sletten	Solveig Storbækken
Oppdragsgjevar	NOVA	KORUS Bergen

*Dokumentet er elektronisk signert av NOVA og godkjent av KORUS, og har derfor ingen handskrevne signaturar.*

